

GJELDENE

3

RETTSKRAFTIG 15/10 - 1992

UTSKRIFT

av

RETTSBOK

for

GULATING JORDSKIFTEOVERRETT

Ankesak nr 10/1991, vedkommande jordskifte (vegsak)

på garden Sundet, gnr 26 i Meland,

slutta 5. august 1992.

Gjeldene vedtekter for
Fellesveien i MIDTSUNDET

"Forlik.

Partane i jordskiftesak nr. 4/1990 og ankesak nr. 10/1991, vedkommende gardsveg på Sundet, gnr. 26 i Meland, har inngått slikt

forlik:

Jordskiftet av 29. januar 1991 vert oppheva og skrive på ny slik:

VEDTEKTER

for gardsveg på Sundet, gnr. 26, bnr. 3, 4 og 38 i Meland.

§ 1

Vegen er bruksrett for bnr. 3, 4, 38, 39, 50, 54, 75, 76, 81, 83, 84, 94, 95, 96, 97, 98, 99, 100, og 102 på Sundet, gnr. 26 i Meland.

Vegen går frå off. veg, fylkesveg R-245, over gnr. 26, bnr. 3, 4 og 38 fram til der vegen til gnr. 26, bnr. 97 og 98 tek av frå eigedomen til bnr. 4.

Det arealet som vert liggjande mellom den omlagde vegen og fylkesvegen høyrer med i vegområdet.

§ 2

Frå fylkesvegen opp bakken fram til avkøyringa til gnr. 26, bnr. 38 skal eksisterande veg omleggjast og utvidast.

Vegen skal ha minst 3 m køyrebane, 0,5 m bankett på kvar side og turvande grøfter og skråningar. Avkøyringa frå fylkesvegen skal vera i samsvar med pålegg frå Hordaland vegkontor.

§ 3

Kostnadene med omlegging og utviding av vegen frå fylkesvegen fram til avkøyringa til gnr.26, bnr. 38 vert å dela slik:

Gnr. 26, bnr. 3:	5/28	
" 26, " 4:	5/28	—
" 26, " 38:	1/28	—
" 26, " 50:	1/28	
" 26, " 54:	1/28	
" 26, " 75:	1/28	
" 26, " 76:	1/28	
" 26, " 81:	1/28	
" 26, " 94:	2/28	
" 26, " 95:	2/28	
" 26, " 96:	2/28	
" 26, " 97:	2/28	
" 26, " 98:	2/28	
" 26, " 102:	2/28	←

§ 4

Framtidig vedlikehald (herunder snøbrøyting) vert å dela slik:

Gnr. 26,	bnr. 3	:	21	%	(to bustadhus)
" 26,	" 4	:	5	%	
" 26,	" 38	:	5	%	
" 26,	" 39	:	1	%	
" 26,	" 50	:	5	%	
" 26,	" 54	:	10	%	
" 26,	" 75	:	13	%	
" 26,	" 76	:	1	%	
" 26,	" 81	:	7	%	
" 26,	" 83	:	0,5	%	
" 26,	" 84	:	0,5	%	
" 26,	" 94	:	1	%	
" 26,	" 95	:	7	%	
" 26,	" 96	:	7	%	
" 26,	" 97	:	13	%	
" 26,	" 98	:	1	%	
" 26,	" 99	:	0,5	%	
" 26,	" 100	:	0,5	%	
" 26,	" 102	:	1	%	

Årsmøtet kan gjera vedtak om årsavgift i samsvar med denne fordelinga.

§ 5

For tomter som det seinare vert bygd på skal årsmøtet, etter framlegg frå styret, fastsetja vedlikehaldsplikta, ev. som årsavgift i tillegg til det som er fastsett i § 4.

Likeeins skal årsmøtet fastsetja kor mykje det skal betalast i innskot i vegen for tomter som det ikkje er teke omsyn til i denne saka.

Også deling av kostnadene med seinare utvidingar skal fastsetjast av årsmøtet.

§ 6

Styret

Arbeid og tilsyn med vegen vert leia av eit styre på 3 medlemmer og eit varamedlem. Funksjonstida er 3 år. Eit medlem trer ut kvart år - dei to første gongene ved loddtrekking. Gjenval kan nektast for like som lang tid vedkomande har gjort teneste.

§ 7

Årsmøtet.

Årsmøtet er høgste myndighet og skal haldast innan utgangen av februar.

I saker som vedkjem økonomi har medlemene stemmevekt i samsvar med vedlikehaldsplikta, jfr. § 4.

I ikkje-økonomiske saker, t.d. ved val, har kvar medlem ei røyst.

Styret skal, med minst 2 vekers varsel, sende skriftleg innkalling til årsmøtet. Saman med innkallinga skal det sendast sakliste.

Årsmøtet skal handsama:

1. Årsmelding og rekneskap.
2. Styret sitt framlegg til ev. årsavgifter.
3. Val av: a. Formann
 - b. Styremedlemer
 - c. Varamann
 - d. Revisor
4. Andre saker som er nemnde i innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte skal innkallast når styret finn det turvande eller når medlemmer med minst 35 % vedlikehaldsplikt krev det.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte skal vera vedlagt sakliste og sendast med minst 8 dagars varsel.

§ 8

For veggrunn som går med til omlegging og/eller utviding skal det betalast vederlag.

§ 9

Brukarane av vegen er ansvarlege for skader utover vanleg slitasje, t.d. tungtransport i samband med byggeverksemd. Slike skader skal vedkomande utbetra sjølv. Vert det ikkje gjort skal styret syta for utbetringa og krevja vedkomande for kostnadene.

§ 10

Twistar mellom medlemer eller medlem og vegstyret vedkomande vegen skal avgjerast ved voldgift.

Kvar av partane i tvisten nemner opp ein voldgiftsmann og sorenskrivaren i Nordhordland ein tredje som formann. Dersom nokon part ikkje har nemnt opp nokon innan 14 dagar etter varsling nemner sorenskrivaren også opp denne.

§ 11

Endring av vedtektene kan gjerast i lovleg innkalla årsmøte med 2/3 fleirtal av dei røystene som er gjevne, rekna etter § 4.